



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 3 JUL 2023 | 101. ÅRG.



*Vi ynskjer alle
ei velsigna julehøgtid!*





Ei strime av von

Av biskop Ragnhild Jepsen

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.



Ragnhild Jepsen. Foto: Jens Z.Meyer.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sorgje, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.



Nytt sokneråd

Første november trådte nytt sokneråd i funksjon (frå første desember med fellesrådsfunksjon). Soknerådet er det lokale kyrkjepolitiske styret i Askvoll sokn, som har samanfallande grenser med Askvoll kommune. Soknerådet sitt ansvarsområde er kyrkjebygga i soknet, gravplassane, den lokale kyrkjeøkonomien og rådet har arbeidsgivaransvar for dei kyrkjeleg tilsette i soknet. Askvoll sokneråd er også den lokale gravplasstyresmakt. Soknerådet har vidare ansvaret for å «vekke og nære det kristelege livet i soknet».

Rådet er valt for fire år av gangen. Konstituerande møte i nyvalte Askvoll sokneråd vart avholdt 18. oktober. Leiar og nestleiar for kommande år vart valt, og desse er henholdsvis Wenche Ness Gabrielsen og Terje Mork.



Wenche Ness Gabrielsen og Terje Mork, nyvalt hhv. leiar og nestleiar i soknerådet

Faste medlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen

Lillian Oddekalv Gjervik

Frida Melvær

Arnt Johny Langeland

Jarle Magnus Vilnes

Synnøve Melvær

Jostein Gryte

Dag Erlend Grane

Terje Mork

Gro Eikebø Stang

Tommy Erdal (geistleg repr.)

Oddgun Keilegavlen Grane
(kommunen sin repr.)

Varamedlemmer:

Astri Thorsen Landøy (1. vara)

Karen Anny Espedal (2. vara)

Vidar Kaland (3. vara)

Stian Lykkebø (4. vara)

Sigmund Rivedal (5. vara)

Knut Magne Nesse (geistleg vararepr.)

Tormod Selvik (kommunen sin vararepr.)

Takk til avtroppande sokneråd

Kyrkjebladredaksjonen nyttar høvet til å takke avtroppande sokneråd hjarteleg for innsatsen for å styre kyrkja i Askvoll siste fire åra.

Folket sin julekonsert

Av Sabina Baylarbayova

Eg tenkte på namn til artikkelen, og fann ut at «Folket sin Julekonsert» passer best. Dette fordi alle deltakarane melde seg frivillig, og brukte av sin energi og tid. Dei mange i publikum «var med», og levde seg inn i stykka på konserten. Så det blei på ein måte ein «folkekonsert». 😊 Sjølv om det var så mange som 20 ulike nummer, så gjekk tida fort.

Konserten starta med ein song, «Silent night» med Jenny Askevold. Deretter var det eit barnekor frå Kulturskulen, leia av Henriette Hatlevoll. 11 søte barn som song «Jul i svingen» og «Julenissen kommer i kveld». Deretter hørde vi Oleksandra Dubograi, som spela «Shedrik». Det er ein ukrainsk folketone for julehøgtida. Så var det eit ukrainsk barnekor ilag med nokre voksne, som song den ukrainske julesongen «Koladka». Det var veldig kjekt at så mange barn var med i julekonserten og song for oss.

Etter ein allsong der vi song «Det lyser i stille grender», hørde vi «Mitt hjerte alltid vanker» frå Ingvild Follevåg. Så «Sønn av Maria» med Tommy Erdal, «Mary, did you know?» med Sidsel Anita Itland. Askvoll kyrkjekor song «Maria fekk ei helsing» og «I en natt» der Kjell Olav Høstaker Nordheim var solist. Vi er alle svært takksame til Kjell Olav, som kom helt frå Sogndal for å synge og gi oss ei god julestemning i Askvoll Kyrkje. Som eigne innslag i konserten, song han «Midt i hardest vinter» og «Have yourself a merry little Christmas».

I den «moderene delen» av konserten, spela Per Vidar Nybø «O helga natt» på elektrisk gitar. Så To Vise Menn som framførte «Bells are ringing», og «Nella Fantasia». Veldig fine innslag.

Deretter var det kormusikk igjen, og vi fekk vi «Jul, jul, strålende jul» og «A festive Christmas celebration» frå Atløykoret. Den rette julestemninga kom på plass når vi fekk songen «Julenatt», der begge kora og solistane Jenny og Kjell Olav song for oss.

Til slutt kom ein allsong. Det blei sjølv sagt «Deilig er jorden» som år etter år rører og gir varme og von til hjartet vårt.

Det var 275 menneske i kyrkja under Julekonserten, vi samla inn 9.603,- kroner til kyrkjemusikalsk arbeid. Det var spesielt mange som blei igjen til kyrkjekaffi, som var eit tilbud til både deltakarar og publikum. Nokre av medlemmane i



Sabina

Askvoll kyrkjekor, tok med seg kaker og julekjeks. Kaffi og det andre hadde soknet ordna. Det gjekk med 16 kanner kaffi, så det seier vel sitt. Takk til Ingvild Loftheim og Svanhild Ask, som sto på kjøkkenet. 😊

Eg er veldig takksam til alle som var med oss på denne kvelden. Både som deltakar, publikum, og «hjelp personell». Det var mange små og store oppgaver og fekk hjelp til. Kjempeflott.

Tusen takk for blomar og gåver eg fekk, og ikkje minst tusen takk for den STORE kjærleiken De viste meg den kvelden!!!

Velkomne til neste Julekonsert i 2024. 😊

Hyggelig tilbakemelding

Her er kommentarer frå Facebook og Messenger, som eg fekk lov å bruke av dei ulike avsendere, til artikkelen min.

Kyrkja i Askvoll

Det vart ein aldeles strålende vakker og stemningsfull julekonsert i Askvollkyrkja i går kveld.

Sjeldan har det vore samla så mange dyktige og engasjerte lokale musikarar og songarar på ein gong i kyrkja.

Tenk så heldige vi er, som har Sabina hos oss, som får til dette!

Sprudlande, morsomme, herlige Sabina, som jobbar døgnet rundt for å glede oss med musikk 🍷

Og tenk så heldige vi er som har så mange rundt oss som driv med musikk og sang, som har lyst å vere med og bidra på slike tilstelningar 🍷

Takk til alle nydelege artistar, takk til Sabina, og takk til alle som møtte for å nyte konserten denne førjulskvelden 🍷



Oleksandra Dubograi

Askvoll Frivilligsentral

Tusen takk for ein fantastisk konsert Kyrkja i Askvoll! Bravo til alle artistar, arrangørar og gjestar som tok turen i kveld!

Set var heilt magisk kveld med masse flotte mennesker rundt som vil gi glede til kvarandre og fekk endå meir glede frå kvarandre tilbake! Tusen tusen takk til deg Sabina og andre som bidrag til denne kvelden!

Askvoll UA

Сьогоднішній концерт в церкві Аскволл у фото. Відео виконання колядки нашим маленьким хором теж додаю. 😊 Було затишно і атмосферно. Дякую всім і безумовно організатору, чарівній Sabina Baylarbayova 🍷



Ukrainsk kor

Antonina Dubograi

It was a fabulous evening. The atmosphere, the music, the cosiness of the evening created an incredible festive atmosphere. I have never seen so many people at the same time in a Norwegian church. This evening seemed to unite the whole of Askvoll. The souls of many of us were filled with a Christmas miracle. We are incredibly grateful to the organiser for the high aesthetic pleasure!

Jostein Grane

Tusen takk, det blei ein flott og stemningsfull konsert. Dyktig saman sett og leia av Sabina 🙌🎵 Kjekt når kyrkja er fylt opp med publikum, og julesongane kjem på rekke og rad av flinke aktørar. 🙌👍
Julestemninga kom snikande 🌨️🦌🎅🎄

Jenny Askevold

Tusen takk for ein magisk kveld! Du er så ekstremt flink, setter stor pris på deg ❤️Fantastisk jobba ❤️

Oddlaug Norstrand

Du er så flink, fantastisk julekonsert og du strålte som ei stjerne...Nydelig som alltid ❤️



Per Vidar Nybø

Frida Melvær

Fantastisk fin konsert! Tusen takk for ei nydeleg førejulsstund i kyrkja. Imponert over kor mange flinke folk det er i denne kommunen. Og du, Sabina, er eit fyrverkeri 🙌

Mona Rivedal

Flott konsert 🙌 Alltid julestemning etter å ha vore på julekonsert i Askvoll Kyrkje ❤️🌟

Lillian Oddekalv Gjervik

Så fantastisk å få vere ein del av julekonserten i Askvoll kyrkje i kveld! Så mykje flott sang og musikk av alle generasjonar som rørte hjarta våre. Hardtarbeidande og fantastiske Sabina, takk skal du ha som fekk til dette ❤️ Stolt Atløykorist 🙌

Audun Høvik

For ein strålande og flott julekonsert som var arrangert. Det varmar! 🌟



Jenny Askevold



To Vise Menn



Askvoll kyrkjekor med Sidsel Anita Itland



Ingvild Follevåg



Kjell Olav Høstaker Norheim

Rita Browne

That was awesome 🙌. Du er verdig flink å organisere konsert. Eg likte det veldig godt og håper på å bli med på det i framtida. Tusen takk Sabina Baylarbayova for god innsats. God bless you. 🙌🙌🙌❤️

Gro Sølvberg

Så kjekt i kyrkja I dag! 🙌 Så bra alt, og utrolige solister! Du var så flink! Håper du blir i Askvoll lenge! ❤️

Solbjørg Vik

Ja, det var ein utruleg bra konsert 🙌 Fantastiske songkrefter vi har rundt oss 🙌 og Sabina er ei julestjerne 🌟🌟

Anita Rivedal

Flott konsert 🎵🎄🎵 Tusen takk Sabina 🙌



Stappfull kyrkje!



Barnekor frå Kulturskulen

Med høyreapparat i kyrkja - sei frå viss teleslyngeanlegget ikkje fungerer!

HLF Førde og omland er eit lokallag i Hørselshemmedes Landsforbund og har medlemmer i Sunnfjord, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Høyanger og Solund.

Siste året har vi hatt fokus på det å vere høyreapparatbrukar i forsamlingshus, og kyrkja er ein viktig plass for våre medlemmer.

Ein del av oss greier oss med høyreapparat pluss høgtalaranlegg. Men svært mange er avhengige av eit velfungerande teleslyngeanlegg. Byggforskriftene inneheld krav om høyrestøttande system i rom der høgtalaranlegg er installert, og etter kvart er kyrkjene blitt godt utstyrte med teleslyngeanlegg.

Medlemmene våre opplever likevel ofte at anlegget ikkje fungerer. Plassering i forhold til anlegget kan og vere avgjerande, og dette bør det opplysast om, men av og til er det ein så enkel grunn som at det ikkje er påslått. Etter å ha hatt kontakt med kyrkja om dette, forstår vi at det er like maktpåliggjande for kyrkja - som for oss - at kommunikasjonen med høyreapparatbrukarar fungerer godt.

Vi vil derfor oppfordre alle høyreapparatbrukarar til straks å sei frå til personale i kyrkja (gjeld også andre forsamlingshus) om dette, slik at feil kan rettast opp. Høyreapparatbrukaren kan nemleg raskt oppdage om anlegget ikkje fungerer - før dei som har ansvar for det, er klar over det. Dette gjeld dei som har apparat med telespole - via teleslyngeanlegget kan dei få talelyden frå presten sin mikrofon rett i øyret. Av/på-knapp på apparatet eller på fjernkontroll/mobiltilf.

Det foregår no ei rask utvikling innafor ny teknologi med oppkopling til programvare på mobiltelefon. Teleslyngeanlegga si tid er likevel absolutt ikkje over, men dei må vere i orden. Informasjon om og behovet for telespole kan folk ta opp med den som tilpassar høyreapparatet.


Teleslyngeanlegg er eitt av svara til kravet om universell utforming og betyr at fleire kan ta del i fellesskapet. Gode opplevingar er avhengig av god kommunikasjon!



BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



Vits

- Kan eg få ein hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 77 00



Julegjesten

DET ER nøyaktig 20 år sidan eg skreiv om denne hendinga for avisa Firda. No høver det bra å ta ho fram att sidan kyrkjebladet ville ha ein juleandakt.

«Julegjesten» er illustrert av Eugenia Shot-Cheten, Stongfjorden. Flyktning frå Ukraina.

Ragnar Bull.

MANGE KJENNER Leo Tolstoi si novelle om skomakaren Adjevitj eller Nikolai Leskov si forteljing om bonden Timofey. Begge hovudpersonane håpte å få Frelsaren på besøk i jula. Særleg har den siste novella ei djup mening. Novellene har ein bodskap om at det vi gjer mot ein av hans minste, det har vi gjort mot Frelsaren sjølv. Og hovudpersonen i julebodskapen vil gjerne besøkje oss alle i denne høgtida og ta inn i våre hjarterom.

DET ELDRE ekteparet var av dei næraste omgangsvenerne til foreldra mine. Han var ein jovial og litt ordknapp skreddar i 60-årsalderen. Eg kan minnast han sitjande på det store stovebordet med føtene i kross og med tjukt dresstøy framfor seg. Kona hans var meir utettervend og kontaktsøkjande. Ofte var dei til stades på fars gudstenester. Seinare fekk dei sjølv ein son som vart prest. Begge var nøkterne menneske utan teikn til å vere overspente. Då dette hende, var eg kring 15 år gammal.

EIN DAG kom kona på besøk til prestegarden og ville snakke med oss. Ho og mannen hadde opplevd noko merkeleg, og no visst ho ikkje retteleg kva ho skulle tru. Kvar kveld las dei andakt saman der ved stovebordet. Dei bytte på å lese. Denne kvelden sat kona på kortsida av bordet, medan han sat på langsida. Rundt bordet stod det fire stolar. Ho fortalde at dei hadde snakka litt saman kven det var sin tur til å lese. Det vart til at han las. Han var ingen rask lesar, og andakta tok si tid, men kona likte å høyre stemma til ektemannen når han las.

MEDAN dei fordjupa seg i andakta, fekk kona sjå at ein tredje person kom til syne på stolen rett imot ho. Han sat der under heile andakta, men då mannen hennar avslutta med "amen", kvarv denne tredje personen for auga hennar. "Såg du han?" spurde ho, men mannen hennar hadde konsentrert seg heilt om lesinga og hadde ikkje sett noko. Og mor og far? - ja, dei synte stor forståing for denne hendinga.

"**AKK, KOM,** jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn og full av lengsel sukke: Kom, Jesus dog herinn!" Får vi auge på han?

God jul!




Kirke røttene Og Kattunge

Teaterforestilling i
Askvoll kyrkje

12.februar klokken 18.00

Les mer om forestillingen her:



Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.



Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no

Vi er din lokale fagbutikk i kommunen som leverer alt av blomar i anledning gravferd:



- Kistedekorasjon
- Hjerte
- Kors
- Krans
- Bårebukett m.m.



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.



Salg, montering og service av varmepumper

Ole Andreas Myrstad

www.comfortservice.no

Tlf. 906 32 818

Panasonic
ideas for life



**MITSUBISHI
ELECTRIC**

**NOVAPGODKJENT
FORHANDLER**

**Isovator
F-gass
Sertifisering**




Mange har ikke råd til å feire jul

Forskjellene i Norge øker. Flere familier må velge mellom mat eller julegaver.

Du kan hjelpe!



Gi en julegave på **vipps 13130**



+ **Blå Kors**




Illustrasjonsfoto

Orgel- og pianokurs

Sabina Baylarbayova har orgel- og pianokurs til alle som kan tenke seg å stille opp etter behov som frivillige organister til gudstenester.

Påmelding på E-post kantor@askvoll.kyrkja.no og telefon 930 81 399. Alle er hjarteleg velkomne.



Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ

Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36
Markegata 42, 6905 Florø
E-post: post@fjordan.no

FØRDE

Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30
Lindbøen 2, 6809 Førde
E-post: post@fjordan.no

www.fjordan.no

Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Julaftan 24. desember kl. 16.00
Gudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Nyårsaftan 31. desember kl. 16.00
Gudsteneste
Offer til Askvoll kyrkje

Søndag 7. januar kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Askvoll kyrkje

Søndag 4. februar kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Det Norske Bibelselskap

Onsdag 14. februar kl. 17.00
Gudsteneste oskeonsdag
Offer til Kirkens SOS Bjørgvin

Søndag 25. februar kl. 17.00
Gudsteneste
Offer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 17. mars kl. 17.45
Samtalegudsteneste
Offer til KFUM/KFUK Sogn og Fjordane



VILNES KYRKJE

Julaftan 24. desember kl. 11.30
Gudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 21. januar kl. 13.30
Gudsteneste
Offer til Redd Barna

Søndag 18. februar kl. 18.00
Gudsteneste
Offer til Kyrkjelydsarbeidet



STONGFJORDEN KAPELL

Juledag 25. desember kl. 17.00
Høgtidsgudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp



BULANDET KAPELL

Juledag 25. desember kl. 13.00
Høgtidsgudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 28. januar kl. 10.15
Gudsteneste
Offer til Stefanusalliansen

Søndag 25. februar kl. 10.15
Gudsteneste
Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Søndag 17. mars kl. 10.15
Gudsteneste
Offer til kyrkjelydsarbeidet

VÆRLANDET

Gudsteneste i Værlandet
Bedehusapell våren 2024:

Søndag 11. februar kl. 10.30
Palmesundag 24 mars kl. 10.30

Sjå oppdaterte
gudstenestelister på:
askvoll.kyrkja.no



KVAMMEN KAPELL

Julaftan 24. desember kl. 14.00
Gudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Torsdag 28. desember kl. 15.00
Juletreffest

Søndag 7. januar kl. 19.00
Gudsteneste
Offer til Søndagsskuleforbundet
Region Bergen

Søndag 18. februar kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til gravferdskappe Kvammen



HOLMEDAL KYRKJE

Julaftan 24. desember kl. 14.00
Gudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 21. januar kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Yngres Holmedal

Søndag 3. mars kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp



Kyrkjelege handlingar



DØYPTE

ASKVOLL

26.11.2023 Rakel Frøholm Aaland
Ingrid Gjelsvik

VILNES

17.09.2023 Edvald Helle
Ella Hermine Ulvik
26.11.2023 Ola August Tviberg Nordeide

HOLMEDAL

02.09.2023 Endre Yndestad Nyhus



VIGDE

HOLMEDAL

27. mai 2023 Gøril Fristad og Kjartan Åsnes



GRAVLAGDE

ASKVOLL

21.09.2023	Olav Vårdal	f. 1933
02.09.2023	Lovise Ask	f. 1930
02.09.2023	Magnar Reidar Vågen	f. 1951
12.08.2023	Magnus Kalvøy	f. 1937
03.08.2023	Joleik Dagbjart Ask	f. 1922
21.07.2023	Solaug Jorun Spord	f. 1930

BULANDET

11.10.2023	Norvald Fedøy	f. 1944
19.09.2023	Reidar Tistel	f. 1933
30.07.2023	Vivian Vatnøy	f. 1965

GJELSVIK

28.09.2023	Anna Hildur Kristi Mandelid	f. 1939
17.08.2023	Turid Mariann Leknes	f. 1946

VÆRLANDET

21.10.2023	Jofrid Melvær	f. 1939
19.09.2023	Sigmund Martin Blom	f. 1934

VÅGANE

10.10.2023	Marta Nilla Stavestrand	f. 1934
29.09.2023	Haldor Høydal	f. 1926
06.04.2023	Nils Sund	f. 1942



TRENGER DU NOEN Å
SNACKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde. Noen trenger bare å slå av en prat.


Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til sekretaer@askvoll.kyrkja.no, eller ring mobilnr.918 74 724


DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll



KYRKJEVERJE
Rune Ziener
✉ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no
☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETER
Hildegunn Helleset
✉ sekretaer@askvoll.kyrkja.no
☎ 918 74 724



SOKNEPREST
Tommy Erdal
✉ soknepresten@askvoll.kyrkja.no
☎ 971 10 124



KANTOR
Sabina Baylarbayova
✉ kantor@askvoll.kyrkja.no
☎ 930 81 399

GUDSTENESTER I JULA

JULAFTAN

- Kl. 11.30 Vilnes kyrkje
- Kl. 14.00 Kvammen kapell
- Kl. 14.00 Holmedal kyrkje
- Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

JULEDAG

- Kl. 13.00 Bulandet kapell
- Kl. 17.00 Stongfjorden kapell

NYTTÅRSAFTAN

- Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

NYTTÅRS DAG

- Kl. 15.00 Holmedal Bedehus

v:pps

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til

692979

Rettleiande kr 200,-

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Askvollvegen 398, 6980 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · E-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset

Leiar Askvoll sokneråd: Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696